



Arkitekt Mette Kyed Thorson  
Kvalen 16  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/567 - 22/10956

Saksbehandlar:  
Roger Fanavoll Fjellsbø  
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.no

Dato:  
09.02.2022

## Avslag på søknad om utsleppsløyve - gbnr 60/52 Langenes

**Administrativt vedtak:** Saknr. 147/22  
**Tiltakshavar:**  
**Ansvarleg søkjar:**  
**Type utslepp:** Sanitært avløpsvatn med utslepp  
**Søknadstype** Forureiningslova § 11, jf forureiningsforskrifta

### Vedtak:

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det ikkje gjeve utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr. 60/52. Grunngevinga går fram av vurderinga under.**

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr. 60/52.

I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal reinsast i slamavskiljar før utsleppet vert ført vidare i tett leidning til eksisterande utsleppsleidning som går til sjø.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det er søkt om utslepp til sjø i «mindre følsamt område» med reinsegrad tilsvarande 20% reduksjon av suspendert stoff. Utsleppsstad er oppgitt i søknad og kart til å være Langeneset, Seim.

Det vert elles vist til søknad mottatt 20.01.2022.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Langenes/1263-01031985 er definert som område for fritidsbustader.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **VURDERING**

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering ikkje godkjennast slik han ligg føre.

### **Grunngjeving for vedtaket:**

Utsleppet er ikkje i samsvar med krava i § 12-8 i forureiningsforskrifta.

Lurefjorden er eit marint verneområde, jf «Forskrift om vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde i Alver og Austrheim kommunar, Vestland fylke».

Statsforvaltaren har i brev datert 22.09.2021 slått fast at tilkopling til eksisterande utsleppsleidning for eit avgrensa tal hytter ikkje er søknadspliktig etter verneforskrifta. Vidare skriv statsforvaltaren at sidan Lurefjorden er ein dårleg resipient med lågt oksygeninnhald og lite vassutskifting vert denne rekna som eit følsamt område og at det er forventat at Alver kommune handterer løyve om utslepp etter § 12-8 i forureiningsforskrifta, utslepp til følsamt og normalt område.

Reinsing av avløpsvatn med slamavskiljar, tilfredsstillar **ikkje** krava til reinsing i følsamt område. Dette betyr krav om minireinseanlegg.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5.

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/567**

Med vennleg helsing

Alver kommune

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Arkitekt Mette Kyed Thorson  
Bjørn-Tore Fauske

Kvalen 16

5955

LINDÅS